

**5 kasjmirbukkar er sakna!**

05.07.2010

**Tore Eik i Omvikdalen er forundra om dagen: 5 kasjmirbukkar som han hadde plassert på sommarbeite på Kvitebergshammaren på Rød i Uskedalen har forsvunne - og det heilt utan spor.**

**No er det store spørsmålet: Har nokon sett bukkane?**

Dei gjekk innanfor det som Tore meinte var eit sikkert gjerde på den karakteristiske fjellknatten mellom fylkesvegen og fjorden.

Han kan ikkje sjå at det er noko hol i gjerdet og har heller inga anna forklåring på mysteriet.

Bukkane er store og ein er særleg stor. Dei kan ha forsvunne for opptil ei veke sidan.

Er dei på veg til fjells for å gjera seg feite?

Av Ola Matti Mathisen